

Til

Lindås kommune

Vegavdelinga

v/Rune Kilen

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
29 DES 2017	
Ark. saksnr. 17/242	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Erklæring og aksept på tildeling av midlar

Vi ynskjer å rette stor takk til Lindås kommune for at de går inn og støttar oss økonomisk med NOK 150 000 i samband med opprusting av gardsvegen rundt Botnavatnet i Dyrkolbotn. Dette betyr mykje for oss som grunneigarar og for andre som bruker vegene.


Vi er innforstått med at dette er eit eingongstilskot som ikkje bind Lindås kommune til framtidig drift og vedlikehald av vegene. Fylgjande punkt akseptert som vilkår:

- *Vegen, frå parkeringsplassen på nedsida av Botnavatnet til parkeringsplassen til høgre for brua på innsida av vatnet, skal i ein periode på 10 år vere open for «allmenn ferdsel» for dei som ynskjer å nytta vegene som tilkomst til fjellheimen. Denne bruken skal vera vederlagsfri, men vegene må nyttast i tråd med dei reglane som til ei kvar tid gjeld for hytteeigarane og grunneigarane sin eigen bruk av vegene. Ferdsel lyt skje på eige ansvar.*
- *Det skal vere tilrettelagt for ei mindre parkering på eigedomen til Helge Dyrkolbotn gbnr 247/2 til høgre for brua inst inne langs dagens veg, med plass til 4-5 bilar. Det er grunneigarar som har ansvar for tilrettelegging av parkering og har dialog med kommunen som plan- og byggesaksmynde.*

Merknader:

- Å halda vegene open heile året byr mange vintrar på store utfordringar då Dyrkolbotn er ein stad det kan vere svært mykje snø. Me kan ikkje forplikta oss til å halde vegene rydda for snø, men i den grad vegene vert brøyt vil også allmennheita nytte godt av dette, i minst 10 år.
- Det vert lagt til grunn at vilkåret om «allmenn ferdsel» ikkje vil føra til stor auke i biltrafikken, då dette vil vera problematisk med tanke på vedlikehald og drift, og ikkje minst med tanke på natur- og miljøomsyn. Det er naturleg å tru at trafikken ikkje vil verte så stor når parkeringsmoglegheitene innom vatnet ikkje har eit større omfang enn me her har vorte einige om.
- Risikoen for ein mogleg auke i biltrafikken fell på grunneigarane. Grunneigarane lyt då om 10 år ta ei ny og ubunden vurdering av om dei ynskjer at vegene framleis skal vere open for «allmenn ferdsel» og parkering.
- Vilkåret om parkering vil verte oppfylt ved at grunneigarar ryddar eksisterande parkeringsplass, slik at denne får plass til 4-5 bilar.

Dyrkolbotn, 11.10.17



Sjur Dyrkolbotn

Grunneigar 247/1



Helge Dyrkolbotn

Grunneigar 247/2